



NGIR sine medlemskommunar

Gebyr slam for 2018

Representantskapet i NGIR gjorde 13.11.17 vedtak om kva gebyrsatsar NGIR vil tilrå kommunane å vedta for 2018. Her fylgjer satsane med kommentarar. Alle tal er utan meirverdiavgift. NGIR ber kommunen gjera vedtak om gebyrsatsar.

Uendra gebyr frå 2017 til 2018

Ordinær tøming

I økonomiplanen for 2017-2020 går det fram at slamgebyret kan "*haldast stabilt fram til 2020*". Det har ikkje skjedd store kostnadsendringar sidan i fjor og det vert difor ikkje føreslege endringar i slamgebyr.

Det er budsjettert med kr 645 000 i underskot frå slam dersom gebyret vert halde uendra. For å finansiera dette kan ein nytta utjamningsfondet. Pris i parentes er for 2017.

Gebyr septikslam private	kr 792 (kr 792)
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320 (kr 320)

Naudtøming*/Ekstratøming**

Nokre kundar har trong for ekstra tøming utanom ordinær slamtøming. NGIR fakturerer kunden direkte for dette. Det har ikkje skjedd store kostnadsendringar sidan i fjor og det vert difor ikkje føreslege endringar i desse gebyra. Pris i parentes er for 2017.

Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995 (kr 2 995)
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990 (kr 5 990)
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524 (kr 524)
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047 (kr 1 047)

*Naudtøming er tøming som må utførast på kort varsel utanom vanleg tømepplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Naudtøming skal utførast snarast mogeleg, og innan 24 timar etter varsel frå abonnent eller oppdragsgjevar.

**Ekstratøming er ikkje like akutt som naudtøming, og skal oppfylle følgjande kriteriar: Tøminga er utanom vanleg tømefrekvens og oppdraget skal utførast innan 14 dagar etter at oppdraget er tinga.

Sjølvkostrekneskap og forventna endring av utjammingsfond

Sjølvkostrekneskapen viser eit underskot på kr 666 085 for 2018, som er tenkt finansiert ved bruk av midlar frå utjammingsfondet:

Resultat 2018	-645 000
+ Rentekostnader	1 618
- Renteinntekter bankinnskot	11 161
- Kalkulatorisk rentekostnad	11 542
= Sjølvkostresultat	-666 085

Ujammingsfondet er venta å verta redusert frå kr 4 139 280 per 01.01.2017 til kr 3 148 722 ved utgongen av budsjettåret.

Utjammingsfond 01.01.2017	4 139 280
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjammingsfond 2017	-408 776
Kalkulert rente utjammingsfond 2017	34 788
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjammingsfond 2018	-666 085
Kalkulert rente utjammingsfond 2018	49 515
Budsjettert utjammingsfond 31.12.2018	3 148 722

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar eks. mva. for slam i 2018 (alle satsar uendra frå 2017):

Gebyr septikslam private	kr 792
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320
Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047

Handsaming i styremøte 24.10.17:

Samrøystes tilrådd av styret.

Handsaming i representantskapsmøte 13.11.17:

Samrøystes vedteke av representantskapet.

Kjevikdalen, 14.11.17

Erlend Kleiveland

- økonomisjef -